

Fråsegn frå Naturvernforbundets landsmøte: La verneområda vere i fred!

Trondheim, 1. september 2013

Ein del politikarar frå ymse politiske parti ynskjer tydelegvis omkamp om dei verna elvane og verneområda våre. I det siste er det såleis kome høglytte krav om at ein må tillate kraftutbygging også i verna elvar og verneområde. I grunngevinga for desse krava vert det og gjerne hevda at dette kan skje på ein "skånsam måte" og at det her er snakk om fornybar energi som Noreg og verda treng. I tillegg har regjeringa gitt klarsignal for å byggje i freda område som Åkersvika i Hedmark og Sjørdalen i Sogn og Fjordane. Dette sender skremmande signal. Vi må kunne vere sikre på at freda betyr freda!

Ein av grunnane til at desse forsøka på "omkamp" kjem akkurat no, er nok at det etter kvart har vorte vanskeleg å finne høvelege kraftprosjekt mange stader då mykje kraft alt er bygt ut eller er under konsesjonshandsaming. Ein kastar difor augo på dei etter måten små verneområda våre som ein skulle tru har fått "varig vern", men som no står i fare for å misse dette vernet.

Ein skulle tru at mange nok elvar og fossar er lagde i røyr om ein ikkje og skulle gå laus på verneområda våre. Behovet for nye kraftlinjer må heller ikkje gå føre nasjonale verdiar i naturreservatet Sjørdalen, heller ikkje må ønsket om større veg rasere Noregs første Ramsar-område i Åkersvika.

Berre ein mindre del av det norske landskapet har fått vernestatus, og i staden for å bygge ned vernet av dei eksisterande verneområda, bør vi heller tilrettelegge for nye verneområde, kanskje særleg i kystområda. Det vil nok heller ikkje vere nokon god reklame for rike Noreg at vi ikkje viser vilje til å ta vare på verneområda våre!